

Festidalenscena og plattform til topps

22.12.2012



Gunn Mari Moberg (til venstre) hadde ein velfylt matbag som premie til Marit Hjønnevåg, Anita Enæs og Ann Iren Kårstad Sæle

I dag vart det klart at Festidalenscena og oljeplattformen hadde gått til topps i pepperkaketevlinga til SPAR.

Trioen Marit Hjønnevåg, Anita Enæs og Ann Iren Kårstad Sæle var designarar for scena der gruppa Seigmen er i full aksjon og dei fekk premien for det finaste verket. Premien for det mest kreative bidraget av dei 12 som kom inn gjekk til familien Lekva for oljeplattformen.



Familien Lekva hadde laga oljeplattformen

Pepperkakekontraktørane som vann med Festidalen fortel at det gjekk med 5 1/2 time og mykke gløgg til jobben med scena som logisk nok har seigmenn som publikum og ein einaste sponsor (gjett kven!).

Trioen donerar verket til Festidalen som bør kunne nyttar det i marknadsføringa på eit eller anna vis.

Lekvafamilien har lagt stor kreativitet for dagen. Til dømes står det kø av folk ved heilikopteret som tydelegvis er klart til å ta av!

Ellers svevar ei uro under taket og ein finn mellom anna bilar, gamaldass, SPARbutikken, Systrene Nilsen, kyrkje og fuglehus blant bidraga.

Gunn Mari Moberg fortel at ho har formidla folket sin dom med omsyn til kven som skulle gå til topps i dei 2 klassane. Det var rundt 150 som røysta i tevlinga.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.

